

Trivsel og samarbeidsforum for Knutsaåsen omsorgssenter



Visjon:

Kultur, trivsel og omsorg i kvardagen

Overordna mål:

- Knutsaåsen Omsorgssenter skal vera open og ein del av Stordsamfunnet.
- Alle som har heimen sin her, deira pårørande og alle andre som vitjar oss skal kjenna seg velkomne.
- Oppleving av tryggleik og trivsel i eit positivt miljø.
- Ta vare på den enkelte bebuar sine fysiske og psykiske ressursar, ynskje og behov, ut frå grunnleggjande prinsipp i sjukepleie.
- Leggja til rette for at tilværet for bebuarane vert så nært opp til tidlegare livsførsel som mogeleg.
- Samarbeida med pårørande for å oppretthalda det sosiale nettverket til bebuarane.
- Utøva oppgåver av fagleg høg kvalitet ovanfor bebuarar og pårørande.
- Gje personar under utdanning gode læresituasjonar.
- Personalet har høg fagkompetanse

Mandat for trivsels og samarbeidsforum:

Trivsel og samarbeidsforumet har ikkje avgjerdsmynde, men skal vera eit rådgivande organ som skal bidra til å styrke brukarmedverknad og auke kvaliteten på tenestene. Forumet skal behandle, gi råd og være høyringsinstans i saker som verkar inn på tenestene, kvalitet og innhald, brukar og tilsette som grupper, men ikkje enkeltpersonar. Trivsel og samarbeidsforumet skal vera ein spennande møteplass som skal vera prega av likeverd og gjensidig respekt for kvarandre sine ulike perspektiv og ståstader.

Trivsel og samarbeidsforumet skal vera samansett av:

- Brukarrepresentantar for Knutsaåsen omsorgssenter
- Pårøranderepresentantar der begge avdelingane er representert
- Ein representant frå Eldrerådet
- Representant for dei tilsette
- Leiargruppa
- Andre vert invitert ved behov

Organisering og arbeidsform:

- Leiar og sekretær vert vald for 1 år om gongen
- Det blir lagt opp til 2 møter pr. år.
- Innkalling ved ekstraordinære saker
- Det skal kallast skriftleg inn til møta med fastsett saksliste.
Brukarar/pårørande, tilsette, leiarar og politikarar kan melde inn saker til brukarrådet
- Oppstart hausten 2020



Knutsåsen Omsorgssenter

Knutsåsen 1

5417 Stord

Einingsleiar:

Kristin Steinsland

Telefon 41 69 42 66

Avdeling 1

Telefon 53 45 43 34

Avdelingssjukepleiar og nestleiar:

Lidveig Stubhaug

Telefon 53 45 43 06

Avdeling 2

Telefon 53 45 43 44

Avdelingssjukepleiar:

Randi Henriksen

Telefon 53 45 43 05



